

Årsmelding Utdanningsforbundet Fjaler 2024

Lokallagsstyret

I denne perioden har lokallagsstyret bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Eifrid Renate L. Nitter	Dingemoen skule	GRS	Leiar – 36% frikjøp (UDF)	2024-2026
Ragnhild Tveiten	Flekk skule	GRS	Nestleiar	2023-2025
Styremedlemmar				
Elisabeth Hove	Dingemoen skule	GRS	HTV – 20% frikjøp (Fjaler kommune)	2023-2025
Synnøve Kristin S. Lundgård	Dingemoen skule	GRS	Kontaktperson GRS	2023-2025
Kjersti Yndestad	Yksnebjør barnehage	BHG	Kontaktperson BHG	2023-2025
Mette Kvamme	Dale VGS	VGO	Kontaktperson VGO	2024-2026
Turid Straume	Yksnebjør barnehage	BHG	Leiarmedlem	2024-2026
Vara styremedlemmar				
Mari Kyrkjebø	Dale VGS	VGO	1.vara	2024-2025
Bente Haugen	Flekk skule	GRS	2.vara	2024-2025
John Kåre Myklebust	Dingemoen skule	GRS	3.vara	2024-2025

I tillegg Kari Heier Nistad, pensjonistrepresentant, deltatt på styremøta med tale- og forslagsrett.

Styremøte

I 2024 vart det gjennomført 9 styremøte og utvida styremøte i lokallaget.

Viktige saker i året som har gått:

- Lokale forhandlingar
- Budsjettarbeid
- Leiarsituasjonen i sektoren
- Korleis få medlem til å føre avvik så vi får synleggjort utfordringane i sektoren?
- Politiske saker knytt til oppvekstsektoren
- Personalsituasjon i barnehage og skule
- Mangel på vikarar
- Skulebruksplan i Fjaler
- Etterlyser strategisk plan for Fjalerskulen
- Medbestemmingsrett på arbeidsplass-og kommunenivå

- Planlegging og førebuing/ etterarbeid arrangement

Arbeidsplassstillitsvalde i lokallaget

Under ser du ei oversikt over kven som har vore tillitsvalde på arbeidsplassane i denne perioden.

Arbeidsplass	Namn	Verv	Periode
Våge skule og bhg	Odin Hestholm	ATV	2023-2025
Flekke skule	Ragnhild Tveiten	ATV	2024-2026
Flekke barnehage	Cathrine Rudi Flekke	ATV	2024-2026
United World College	Paulina Onnerstad	ATV	2023-2025
Dingemoen skule	Synnøve Kristin Strand Lundgård	ATV	2023-2025
Dale vidaregåande skule	Mette Kvamme	ATV	2024-2026
Yksnebjør barnehage	Kjersti Yndestad Gro Hauge	ATV	I permisjon 2024-2025
HAFS PPT	Sølvi Helle	ATV	2024-2026
Miljøtenesta	Anne Grethe Dale	ATV	2024-2026

Utval, råd og fora

Lokallagsstyret har oppnemnt forhandlingsutval. I tillegg har pensjonistane oppnemnt to representantar som lokallagsstyret har ekstra kontakt med i saker som vedkjem pensjonistmedlem i Fjaler.

Forhandlingsutvalet består av leiar Elisabeth Hove, og Eifrid Renate Lillefosse Nitter og Kjersti Yndestad er medlem. I 2024 var det lokale forhandlingar for alle medlemmar i kommunal sektor.

Pensjonistane har utnemnt Norman Vik og Kari Heier Nistad som representantar for pensjonistane. Eifrid Renate Lillefosse Nitter er pensjonistrepresentant opp mot fylkesstyret, og Kari Heier Nistad har teke på seg ansvar for kontakt med pensjonistkontaktar i andre lokallag.

Medlemmar

Utdanningsforbundet Fjaler har per 03.03.2025 172 medlemmar.

Antall BHG	Antall GSK	Antall VGO	Antall FAS	Antall UH
19	58	37	13	0

Medlemstalet i Utdanningsforbundet Fjaler har heldt seg stabilt, og fordelinga mellom medlemsgrupper og aldersspennet held seg også stabilt.

Prioriterte saker for Utdanningsforbundet Fjaler i årsmøteperioden.

- KS debathefte – informere politikarane av konsekvensar av deira vedtak knytt til dette.
- Politisk påverknad i saker som vedkjem Utdanningsforbundet. Vi er no kjende blant fleire av politikarane, og opplever at dei lyttar til våre innspel.
- Arbeide for å bli kjende med nye tilsette i administrasjonen, og få ei stemme inn i medbestemming.

Mål frå handlingsplan 2024: Skape eit aktivt og synleg lokallag og bruke lokallaget sine midlar til medlemmane sitt beste

Styret arbeider aktivt for at det skal vere tillitsvalde i alle einingar der Utdanningsforbundet har to eller fleire medlemmar. Vi har medlemmar i fleire einingar i kommunen som ikkje ligg under oppvekstsektoren, og også der arbeider vi for å engasjere medlemmane slik at dei får medbestemmingsrettar på eigen arbeidsplass. Det er plasstillitsvalde på dei fleste arbeidsplassane, og vi ynskjer å fortsetje arbeidet for å få tillitsvalde der det framleis ikkje er på plass.

Organisasjonsgraden er høg i oppvekstsektoren, dei tillitsvalde er flinke å informere nye kollegaer om Utdanningsforbundet. Vegen er kort mellom LL/HTV/styre og tillitsvalde/medlemmar. Vi har jamlege møter der styret treff dei tillitsvalde. I møta får vi alltid informasjon om korleis det står til på dei ulike arbeidsplassane, og tips til arbeid styret kan ta tak i. I tillegg er både HTV og LL lett tilgjengelege på e-post og telefon. Dei tillitsvalde vidareformidlar informasjon frå HTV/styret/ Utdanningsforbundet til medlemmane i klubbane.

I 2024 har det også blitt arbeid for å få synleggjort tilbodet til pensjonistmedlemmane. Dette arbeidet held fram i 2025.

Arrangement i 2024:

- Årsmøtet 20.03.2024 hadde 35 påmelde. 32 møtte. Det blei servert middag på Fabel før årsmøtet vart gjennomført på Dale VGS. Steinar Strømsli hadde innleiing i forkant av møtet.
- 23.05.2024 vart det arrangert lunsj for pensjonistmedlemmane. 3 pensjonistmedlemmar møtte.
- Julemøtet blei arrangert 28.11.2024 på Lillingstoneheimen. Der blei 45 av 45 plassar fylt opp, og vi kunne vore fleire dersom lokala hadde hatt rom for dette.

Mål frå handlingsplan 2024: Arbeide for at alle medlem skal ha gode løns- og pensjonsvilkår, trygge og gode tilsetjingsforhold eit godt arbeidsmiljø

LL har drive aktivt informasjonsarbeid overfor politikarane gjennom møter, e-post og telefon for at dei skal få belyst arbeidstakersida sine synspunkt på ulike saker. Mellom anna har barnehagelærarane sitt behov for tid til å få gjennomført plantida si i arbeidstida vore eit tema. Innhaldet i Debattheftet som kjem frå KS i starten av kvar år er det også viktig å belyse frå oppvekstsektoren si side. KS nyttar attendemeldingane på dette som rettesnor for arbeidet sitt.

Sjå elles årsmelding frå HTV.

Mål frå handlingsplan 2024: Vere aktivt med på å forme det lokale innhaldet i barnehage og skule, med fokus på kvalitet

Klubben ved Dale vgs er aktive, og utarbeider gode uttaledokument i aktuelle saker. Styret støtter saker som vedkjem Dale vgs. Styret har også sendt inn høyringssvar og kontakta politikarar i høve strukturelle endringar i fylkeskommunen som kan råke Dale vgs.

I mange år har det blitt forsøkt å få i stand ein godkjent tariffavtale ved UWC. Dette arbeidet held fram i det vidare, då det framleis ikkje har kome på plass ei løysing.

Sjå elles årsmelding frå HTV.

Kurs og møter i 2024

Kurstittel	Kursdato	Antal
Årsmøteførebuingar	11.01.2024	1
LL - HT - FST kurs	17. - 18.01. 2024	2
Nysgjerrig på chat gpt?	23.01.2024	5
Kurs for valnemda i lokallaga	25.01.2024	2
Tidlig innsats for å forebygge uønsket skolefravær	31.01.2024	2
AT-vgo kurs	31.01.2024	1
TV 3 for nye tillitsvalde i skule	07.02.2024	2
Webinar: Kapittel 11 i ny opplæringslov – de viktigste endringene	15.02.2024	3
Vold og trusler - en emosjonell belastning	05.03.2024	1
Leiarforum	05.03.2024	1
Hvordan forstår vi utfordrende adferd hos barn og elever	07.03.2024	1
Storkurs for alle tillitsvalde	13.- 14.03.2024	6
Årsmøte 2024	20.03.2024	32
Hvordan undervise i klima og bærekraft på en helhetlig og engasjerende måte?	08.04.2024	1
Storkurs for alle tillitsvalde VGO	10.-11.04.2024	1
Medlemsmøte i forbindelse med Leiarkonferanse	15.04.2024	1
Digitalt kurs for Vaksenopplæring	17.04.2024	1
TV 4 i Førde	14.05.2024	2
LL-HT-FST kurs	29.-30.05.2024	2
"Skal vi leke?"	12.06.2024	1
Kurs i excel -kompetanse i forhandlingsutvalet.	22.08.2024	1
Lederjuss: Jussen rundt elever med skolefravær	10.09.2024	1
Pensjonskurs i Førde	11.09.2024	2
LL-HT-FST kurs	18.-19.09.2024	2
Kurs for lokallagsleiar, pensjonistkontakten i lokallaga, samt pensjonistråd i Vestland	24.10.2024	1
Tillitsvalgte i PPT	29.10.2024	1
Kurs for ATV i den vidaregåandeskule	29.-30.10.2024	1
Kveldsseminar: Fullføringsretten	11.11.2024	2
Leiarforum for leiarar i Vestland fylkeskommune	12.11.2024	2
LL - HT kurs	13.-14.11.2024	2
Julemøte	28.11.2024	45

Årsmelding frå hovudtillitsvald 2024

Året 2024 har atter vore eit innhaldsrikt år. Det er kjekt å melde at ein erfarer ein arbeidsgjevar som vektlegg partssamarbeid og involvering av tillitsvalde i prosessane som føregår på kommunalt nivå. Det fører med seg møtepunkt og høve til å fremje arbeidstakarane sine perspektiv, men også mulighet til å diskutere utfordringar og leite etter gode løysingar i fellesskap. I ein liten kommune som Fjaler kan vegen vere kort frå tilsett og opp til øvste leiing, via Utdanningsforbundet.

Mykje av dei same temaa som førre året har vore gjennomgåande i 2024 også.

Ein ser at det framleis er krevjande å rekruttere leiarar ved fleire av einingane.

Som tidlegare så har det også ved fleire høve vore krevjande å rekruttere barnehagepedagogar til faste stillingar og ein har måtte lyse ut i fleire rundar, men likevel enda opp med å tilsette på dispensasjon frå utdanningskrav.

Bemanningsnorm, pedagognorm og plantid har vore viktige tema i fleire av møtepunktta mellom kommuneadministrasjon og HTV, og også mellom lokallagsleiar og dei folkevalde. Bemanning i barnehage vil vere eit viktig fokus i 2025.

Gjennom heile året er det arbeid med å fylgje opp arbeidsavtalar og rettar for medlemmane våre i alle sektorane.

Grunna fråver av leiar har heller ikkje alle arbeidsstadane hatt tilfredsstillande arbeidsplanar. Utdanningsforbundet har ekstra fokus på å få individuelle arbeidsplanar på plass ved alle skulane, komande skuleår.

Vikarmangel og sjukefråver har prega 2024, og det blir rapportert om slitasje i bemanninga rundt om i einingane.

Trenden ser ut til å halde fram. Endring i Opplæringslova §17-7 krev at skulane har tilgang på vikarar ved vanleg og venta fråver. Her må ein arbeide for å finne gode ordningar på vikarinnhenting i lag med arbeidsgjevar, slik at ein fylgjer lova.

Det som kanskje har vore det største temaet siste del av 2024, er den krevjande kommuneøkonomien. Økonomiplanen legg opp til eit større innsparingsarbeid i Fjaler kommune, der største del av innsparinga skal verte gjort i oppvekstsektoren sine skular. Slik kommuneøkonomien er no er det diverre naudsynt å gjere grep, og vi lyt alle vere med å ta vår del av det krevjande arbeidet for at vi skal lukkast med å få til ein berekraftig økonomi i Fjaler i kommune. Utdanningsforbundet fylgjer nøye med på at innsparingsprosessen skal vere i tråd med lov og avtaleverk, og hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet tek del i den kommunale arbeidsgruppa som jobbar med innsparingsarbeidet. Ein erfarer så langt at det er ryddige prosessar kring dette arbeidet.

Parallellt med innsparingsarbeidet er Fjaler deltakar i KS-læringnettverk, berekraftig omstillingsarbeid i kommunane 2025-2027, i lag med åtte andre kommunar i Vestland fylke. Ein vonar at det kan gje ein nokre verkty når ein skal i gang med eit omstillingsarbeid knytt til kommuneøkonomien. I arbeidsgruppa sit det ti representantar frå administrasjonen, dei folkevalde og tillitsvalde. Hovudtillitsvald Utdanningsforbundet er ein av desse ti.

Fjaler kommune har tilsett BTI (betre tverrfagleg innsats)-koordinator, og ein vonar at det blir betre samhandling mellom einingane og hjelpetenesta.

I 2024 vart det gjennomført lokale lønsforhandlingar i lønsskapitla 3 og 4.

Forbunda i Fjaler er også i gang med å forhandle om SGS 1002 arbeidstøy (og musikkinstrument) Forhandlingane er ikkje ferdigstilte pr.dd.

Skuleåret 2024/2025 vert det, etter semje med arbeidsgjevar, give kompensasjon for bruk av privat mobiltelefon til kontaktlærarar. Det vert utbetalt 1000 kroner årleg framover.

Førre årsmøte sendte Utdanningsforbundet Fjaler inn ein resolusjon til kommunen som omhandla behovet for ein overordna plan og eit styringsdokument for Fjalerskulen, med fokus på fagleg og sosial retning. Med resolusjonen fekk ein synleggjort eit viktig behov, og arbeidsgjevar er einig i at det er naudsynt å få det på plass. Diverre er det framleis ikkje sett i gang arbeid med planen. Utdanningsforbundet held fram med å ha fokus på dette inn mot kommuneadministrasjonen.

Hovudtillitsvalde har vore medlem i arbeidsmiljøutvalet, delteke på leiarsamlingar i HAFS, i leiarmøte i kommunen med ulike tema, i tilsetjingsutval, hatt jamlege medråderettsmøte med kommunalsjef oppvekst, delteke i tillitsvaldmøte med dei andre fagforeiningane, og i ei rekke andre aktuelle møtefora.

Mykje viktig arbeid er gjort i året 2024, og Utdanningsforbundet Fjaler vil halde fram med å jobbe for medlemmane i det komande året også.